

Hordaland fylkeskommune

Fråsegn om målbruken i den påtenkte Vestlandsregionen:

Jon Fosse seier: «*Vestlandet er utenkjeleg utan nynorsken, og nynorsken er utenkjeleg utan Vestlandet.*»

Me er samde med den verds kjente dramatikaren frå Strandebarm. Nynorsken er ein del av den vestnorske identiteten, og må vera ein sjølvsgd grunnstein i den nye regionen Vestlandet. Det er den felles vestnorske identiteten som ber fram den nye regionen.

Fylka er svake som identitetsmarkørar. Rett nok har vi omgrepet «rogalending», men «hordalending» er om lag ukjent og «sogn og fjording» er eit heilt ukjend omgrep.

Talemål og skriftspråk er viktige identitetsmarkørar. Vestnorsk har mange dialektar og fasettar, men alle er vestnorske, og ligg tett opp til nynorsk skriftspråk.

Av dei tre fylkeskommunane er det to som nyttar nynorsk, medan Rogaland er språkleg nøytral.

Ein parallell til dette vert den vedtekne samanslåinga av Jondal, Odda og Ullensvang. Odda er i dag språkleg nøytral, men nynorsk administrasjonsspråk er lagt inn i intensjonsavtalen for den nye kommunen mest utan diskusjon.

Me trur nynorsk er ein viktig føresetnad for ein vellukka Vestlandsregion. Samstundes vil eit nynorsk Vestland styrkja nynorsken si stilling i forvaltinga også i ein nasjonal kontekst.

Me meiner såleis nynorsk er det klart beste valet.

Med helsing

Styret i Odda Mållag

Knut O. Dale

leiar